



Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
26/036	Kommunestyret	17.09.2026

Sal av aksjar i Enivest AS

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vedtek å selje kommunen sine aksjar i Enivest AS til same vilkår som Eviny og SFE har oppnådd i framforhandla aksjekjøpsavtale mellom Eviny/SFE og Telenor.

Salsinntektene blir avsett i nytt ubunde investeringsfond; "Bygg og bu i Hyllestad". Fondet skal vere øyremerkd til utvikling og bygging av nye kommunale bueiningar for sal eller leige i Hyllestad.

Vedlegg i saka:

06.07.2026 VEDTEKE Finansreglment 2020

AKTUELLE LOVER, REGLAR, AVTALAR MED MEIR:

Finansreglementet til Hyllestad kommune

Kommunelova

Aksjelova

[Kommuner og fylkeskommuners skatteplikt ved salg av aksjer - Skatteetaten](#)

[Forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning - Lovdata](#)

KVA GJELD SAKA:

Sal av aksjar i selskapet Enivest AS og disponering av eventuelle salsinntekter.

SAKSUTGREIING:

Sal av selskapet Enivest AS

Som kjent gjennom media, så har det blitt gjennomført ein salsprosess av Enivest AS. Salsprosessen er initiert og styrt av dei største eigarane i selskapet, Eviny og SFE. Gjennom prosessen så har Eviny og SFE bestemt seg for å selje til Telenor, etter at fleire aktørar var interessert. Dei andre aksjonærane i Enivest AS har fått tilbod om å selje sin eigardel til same vilkår som det Eviny og SFE har framforhandla i aksjekjøpsavtalen med Telenor.

Dei øvrige aksjonærane i Enivest fordeler seg slik:

- Tussa IKT AS - 1,699 %
- Nandor Helgheim - 1,364 %
- Sunnfjord kommune - 0,708 %
- Hyllestad kommune - 0,142 %

Ingen av minoritetseigarane har stadfesta sal endå, men ifølgje styreleiar i Enivest, Ketil Konglevoll, så er hans oppfatning at Tussa og Helgheim vil selje. Sunnfjord kommune skal handsame saka etter ferien, og Hyllestad kommune har varsla det same.

Desom det er aksjonærar som ikkje ønskjer å selje, så har ny eigar (i samsvar med aksjelova) rett til tvangsinnløyising. Dette så lenge ny eigar eig meir enn 90% av aksjane. Ved tvangsinnløyising skal aksjane sin verkelege verdi leggst til grunn. I følgje Konglevoll så kan Hyllestad kommune då forvente same pris for aksjane som det er betalt i nyleg gjennomført aksjetransaksjon mellom Eviny/SFE og Telenor. Men, Konglevoll har ingen formeining om Telenor kjem til å nytte seg av moglegheita for tvangsinnløyising.

Kva kan vi forvente i utbyte frå Enivest AS dersom Hyllestad kommune blir verande på eigarsida til selskapet?

I kva grad det skal delast ut utbyte frå framtidige overskot i Enivest AS, med Telenor som majoritetseigar, vil bli fullt og heilt opp til Telenor då dei har så høg eigarandel.

Ser vi på utbyte historisk for Enivest, så har det vore slik:

- 2021 - 10,0 mill. -> Hyllestad kommune: **kr 14 200**
- 2022 - 10,0 mill. -> Hyllestad kommune: **kr 14 200**
- 2023 - 8,0 mill. -> Hyllestad kommune: **kr 11 360**
- 2024 - 20,75 mill. -> Hyllestad kommune: **kr 29 500**
- 2025 - Vedtatt som del av salgsprosessen at det ikkje delast ut utbytte

Disponering av eventuelle salsinntekter:

Det finst normalt ingen regel som seier at provenyet frå eit aksjesal må brukast til eit bestemt føremål. Midlane blir som hovudregel ein del av kommunen sine disponible finansielle ressursar.

Kommunen kan mellom anna:

- finansiere investeringar
- betale ned gjeld
- avsetje midlar til disposisjonsfond eller andre fond
- plassere midlane som langsiktige finansielle aktiva
- bruke avkastninga til drift innanfor reglane i budsjett- og rekneskapsregelverket

Dersom midlane blir plasserte finansielt, må dette skje innanfor kommunen sitt finansreglement.

Gevinst ved aksjesal er normalt ikkje skattepliktig for kommunar. Det er rett nok nokre unntak, og spesielt innan kraftbransjen, men sal av aksjar i Enivest er ikkje skattepliktig.

VURDERING:

Kommunedirektøren vil tilrå at Hyllestad kommune sel sine aksjar i Enivest AS.

Det er uvisst kva eit fortsatt eigarskap i Enivest vil kunne gi i utbyte, og det vil i så fall vere prisgitt at majoritetseigaren Telenor ønskjer at selskapet skal gi utbyte til eigarane. Telenor er neppe avhengig av utbyte frå Enivest, så her ser kommunedirektøren ein risiko. Det same gjeld spørsmålet om Telenor kjem til å krevje tvangsinnløyising av aksjepostane frå minoritetseigarane. Dersom Telenor ikkje krev tvangsinnløyising, så kan Hyllestad kommune i verste fall bli sittande med aksjar i eit selskap som ikkje gir særleg utbyte.

Dersom utbyte for 2026 skulle bli på same nivå som for 2024, så vil det gi Hyllestad kommune ei finansinntekt på **ca. 32 000 kr.**

Dersom ein sel og brukar pengane til å betale ned gjeld, så vil 3,4 mill. ved 4,5 % rente gi ei finansinnsparing på **153 000 kr.** Blir pengane sett i banken ved 4% rente så vil det gje finansinntekter på **136 000 kr.**

Når det gjeld disponeringa, så vil kommunedirektøren syne til prosjektet "Bygg og bu i Hyllestad", og tilrå at eventuelle inntekter vert nytta inn i prosjektet og då primært til utvikling og bygging av nye kommunale bueiningar.